

Møtereferat

Møte: Tlf møte AU Nord-Norge
Tid/Sted: Fredag 30.09 kl 10 - kl 12
Tilstede: Bernt Mikalsen, Pål Ove Wika, Fred Tore Fagereng, Merethe Sund, Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Teig Madsen og Svein Inge Jakobsen.
Forfall: Ragnhild Engan
Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 30. september 2016

Sak nr.	Emne	Ansvar
---------	------	--------

1	Orientering frå styremøte 27. – 28.09 og konsernråd 28.09	
---	------------------------------------------------------------------	--

Teig orienterte om rekneskapet: Resultat før skatt på 188 mill, 108 mill betre enn på same tid i fjor. Prognose for året viser resultat som kan gje tilbakebetaling av tilleggsytningar samt rullering av medlemskapitalkonto. Resultat likevel ikkje betre enn det må vere. Resultat skapt hovudsakleg gjennom effektivitetsforbetringar og kostnadsbesparande tiltak. Stor og aukande vekst på EMV, på bekostning av Nortura sine merkevarer. Kjedekonsept syner likevel at Gilde og Prior er attraktive. Fortsatt ambisjon og tru om å snu trenden på merkevare. På PROFF god vekst. Volum til EMV også viktig for Nortura. Nortura kåra til ei av 25 mest innovative bedrifter. Brann i Tønsberg: Forsikringsoppgjær ikkje ferdig enno. Sau/lam: Pr veke 37 samanlikna med fjoråret selt 650 tonn meir enn i fjor. Dersom fortsatt trøkk på sal framover, vert det ikkje så stor innfrysing som frykta.

Samarbeid kvitt kjøt med Norgesgruppen: Krevande forhandlingar, sikra avsetning for råvare og opprettheld volum på fabrikk. Meir langsiktig avtale no. Egg: Stort sett balanse, nokre nyetableringar, opna for import på slutten året til industri. Stadig sterkare signal frå kundar om overgang til kun frittgåande. Setjast i gang arbeid med omstilling. Gris: Eksportkvote utnyttast.

Bernt fekk forfall til konsernrådsmøtet. Pål Ove ga honnør for resultatet. Roleg konsernråd, innlegga gjekk på om vi er god nok på sal av lammekjøt og usikkerheit om produksjonen er veksande. Gris: Marknadssituasjon alvorleg, spm om vi kan klare å halde prisen. Avtale mellom KLF og Nortura om marknadsbalansering: Gode tilbakemeldingar politisk. Produksjonsregulering viktigare tiltak framover. Norfersk har vorte eit godt konsept for Nortura. Marknadstrendar utfordrande, m.a. på økologisk og egg, men må tilpasse oss. Datterselskap leverer bra økonomisk, men også morselskapet. EK 34 %. Spørsmål om IT-tenestene. Bernt hadde sendt spørsmål om kjedene sin etterspurnad etter egg frå frittgåande, der kjedene tek valet for forbrukarane.

Teig kommenterte at saka skal behandlast på ein skikkeleg måte. Lam: Ny pakketeologi gjer det mogeleg å forlengje sesongen. Stadig sterkare etterspurnad og kamp om norsk storfekjøt. Vi lanserer difor kalvekampanje med bonus på kr 400 pr omsatt kalv, med tilbakeverkande kraft frå 1. september.

Spørsmål/kommentarar:

- Sjølvmotseiande at kjedene vil satse på eigne merkevarer, samtidig som dei ynskjer kjedespesifikke produkt med våre merkevarer. Gjeld alle produksjonar?
- På førre AU-møte nemnt at styret skal diskutere marknadsinvesteringar, komne i gang med det?

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

2 **Høyringsuttale til strategiplan for Nordnorsk Landbruksråd 2017 – 2022**

Planen har vore utsendt til regionutvalet for innspel, men det er ikkje kome nokon innspel frå kretsane.

Innspel:

- Fine ord og strategiar, men usikker på korleis dei skal nå måla.
- Pål Ove deltok på siste møtet. Gode tankar og diskusjonar. Forsking viktig. Nortura bør delta på møta som vi vert invitert til.
- Arena for å møte tillitsvalde frå andre organisasjonar. Personavhengig kva effekt har vore med møter med nordnorske politikarar.
- Sende nokre positive signal om at vi er einige.
- Nytte av dette gjennom Prosjekt arktisk mat, men usikker på korleis Landbruksrådet kan bidra.
- Prosjekt saman med Innovasjon og reiseliv er aktuelt for arktisk mat. Talerør for nordnorsk bonde og arena for alle tillitsvalde bra.
- Kan kome situasjonar der ein treng ein arena for å treffast, og då finnast organet.

Vedtak: Brit Kari lagar forslag til uttale, som Bernt godkjenner før oversending.

Brit Kari

3 **Aktuelt frå regionen**

Svein Inge orienterte om pangstart på sesongen med 21 000 fleire slakta lam enn i fjor i regionen. Skrive avtale med 3 aktørar på rein, aldri hatt så god sesong, slakta 6 000 rein så langt mot 1 800 – 1 900 tidlegare år. Bra møte med landbruksministeren og departementet i går, fekk god dialog. Har gjenkjøpsavtale på rein og leigeskjering, så vi har bra tilgang. Selt ut meir lam frå Målselv enn i fjor, alle kundar har fått. Ikkje hatt laurdagsslakting pga tidlegslaktinga, er svært kostnadssparande på personal. Vekter 1- 2 kg over resten av landet, også betre klassifisering. Ferdig 6 500 tonn Polarlam fenalår og pinnekjøtt på Bjerka. Thulefjord rull produsert maks, pølser som før. Jobbar med landsdekkande avtale om 600 g rull til kjede.

Spørsmål/kommentarar:

- Statistikk for vekter samt kostnadssparing må presenterast på RU-møtet.
- Korleis er kjølekapasiteten på Bjerka?
- Korleis går det med Vegagrisen?
- Prosjekt med sal av heilt lam til forbrukar i Oslo-området, korleis har det gått?

Svein Inge

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

4 **Ny Giv i kretsarbeidet**

Teig orienterte frå styret: Usikkerheit om å pålegge møter og bruk av ekstra midlar. Synspunkt på å heller bruke ressursane på regionleddet, med kretsane som valkretsar. Uklart kva veg som ein ynskjer å gå for å revitalisere kretsane. Også obs på rekruttering av tillitsvalde. Saka kjem tilbake til styret.

Innspel:

- Meir aktivitet i kretsane og særleg kretsutvala må vere positivt. Må få kretsutvala til å fungere som møtearenaer, korleis skal vi ellers bruke kretsane?
- Veldig bra med betre system om kva som er pålagt. Kanskje er september for seint å ha møte, betre med slutten av august for å legge hausten sine planar. Samhandling mellom rådgjevarar og krets er også viktig. Driv seg litt sjølv i dag, også med TINE og FK. Passe oss for at det ikkje vert for mykje aktivitet.
- Ulikt kor flinke kretsutvala er til å ha møter og planlegge aktivitet.
- Veldig bra om det vert sendt på høyring før RU-møtet, med grundig gjennomgang der, for å skape felles forståing for kva som er tenkt.
- Nord-Norge har tidlegare vore pilot, no kan vi skissere ein modell og bruke den, for meir aktivt spor med møter i kretsutvala. Trur vi må ha betaling for møter i kretsutvala. Vil koste ein del med lange avstandar.
- Kan køyre planen, med redusert antal møter for mindre kostnad. Gjev engasjerte kretsar, i samarbeid med fag/tilførsel. Bra med struktur på arbeidet. AU bør orientere kretsane som kvar har ansvar for, og så kjem det opp på RU-møtet att.

Brit Kari orienterer AU om nærare avklaring om framdrift i neste veke.

Brit Kari har planlagt møter med 14 kretsutval for å diskutere felles kretsmøter, og vil då legge fram forslaget til Ny Giv også.

Vedtak: AU ynskjer at region Nord vert pilot. AU-medlemene kontaktar sine respektive kretsar og oppfordrar til at forslaget til Ny Giv i kretsarbeidet vert drøfta før RU-møtet.

5 **Planlegging av RU-møte 08. – 09.11**

Brit Kari gjekk gjennom køyreplanen.

Innspel:

- Ynskjeleg med Kjell Rakkenes til framtidsinnlegget.
- Få med "korleis kan vi påverke, kor stor påverknadskraft har vi og til kva pris?"
- Viktig å kjenne trendar og mekanismar
- Underhaldning: Sjekke om det er nokon i Tromsø-området som kan bidra. Bernt spør Bondelaget, BK spør hotellet og kretstillitsvalde.

Bernt/
Brit Kari

Vedtak: Administrasjonen jobbar vidare med køyreplanen for RU-møtet.

6 **Eventuelt**